

Daniel Davidson

Gjennom sjøgang og storm på Biscaya
kom han heim i frå Lissabon.
og no driv han som frikar på kaia
Daniel Davidson
Han har sigla på ukjente statar
men er blid og gemeinsleg som før
og legg ut i ein undrande flokk kameratar
om landa i sør

Han har kjennskap til alt og til alle
i frå kvinnfolk til ville dyr
og kvart ord han i flokken lar falle
andar av eventyr
Han har sett dei kanariske øyar
stå med skogar av vill kanel
og spasert med forneme kanariske møyar
ved solegladsbel

Og han kjem ikke tomhendt attende
men har med seg ein dyr presang
til kvar einskild av kjære og kjende
kvar etter stand og rang
Men ei språkmektig, grøn papegøye
har han gøymt til han eingong skal fri
han har sjølv lært ho teksten med tolmod og møye:
I love you, Mari !

Som ein storkar i ordlag og fakter
og kledd opp som ein mann av byrd
står han atter på heimlege traktar
storleg på strå og vyrd
Han kom heim over stormande hav att
og har sett meir enn jordiske flest
og har ordet på hand til han atter stikk av att
i storm frå nordvest